

Helgedagen



DEN NORSKE KYRKJA
KYRKJELYDSBLAD FOR TIME


NR. 2 - april 2025 57. årg.



**Det trengst ingen blomar til
grava! Jesus, du stod opp og
du bur bland oss!**



Kvardagsmøte



side 7

Påsketidsvandring

side 8



Pilegrimstur

side 9



PÅSKE - nytt liv, evig håp

side 12

BRYNE • TIME • UNDHEIM SOKN

Kyrkjekontoret tlf. 51 77 03 77
 Kontortider: Måndag-fredag: 09:00 -14:00

Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4340 Bryne

Inngang fra Saronsbroten

heimeside: www.timekyrkjene.no
 post.time@kirken.no

Prost: Lars Sigurd Tjelle tlf. 474 51 340

Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222

Diakon TIime og Undheim:

Praxedes Slettebø tlf. 488 96 919

Diakon Bryne: Marit Høie Hetland tlf 911 63 039

Sekretær: Dagny Oltedal Hetland tlf. 51 77 03 77

Assisterande kyrkjeveje:

Siri Vik tlf. 906 43 758

Kyrkjeveje: Jostein Aa Tollaksen tlf. 909 88 880

Time

Heimeside: www.timekyrkja.no

Sokneprest Yngvar Nilsen tlf. 466 52 874

Musikalsk leiar: Frode Skårlund tlf. 489 97 102

Kyrkjelydspedagog: Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872

Kyrkjetenar helg: Johannes Høie Hetland tlf. 400 80 177

Soknerådsleiar: Marianne Hauge tlf 481 14 974

Dagleg leiar: Frode Skårlund tlf 489 97 102

Klokkar: Maren Dyngeland tlf 905 65 198

Ungdomsarbeidar Lye: Else Iren Skretting tlf 482 79 806

Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Lye forsamlingshus

Heimeside: www.lyeforsamlingshus.no

Bryne

Heimeside: www.brynekyrkja.no

Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105

Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708

Kyrkjelydspedagog: Tone Vold tlf. 918 81 818

Dagleg leiar:

Elisabeth S. Obrestad tlf. 475 02 080

Vikar ungdomsleiar: Jon Torger H. Salte tlf. 984 16 231

Soknerådsleiar: Arne Berge tlf. 411 61 504

Kyrkjetenar helg: Arne Espenvik tlf. 909 70 522

Kyrkjetenar helg: Lars Andreas Olsen tlf. 466 56 825

Kyrkjelydsutviklar:

Jon Torger Hetland Salte tlf. 984 16 231

Undheim

Heimeside: www.undheimkyrkja.no

Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20

Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346

Sokneprest og prostiprest: Nadine Vaagen tlf. 413 91 649

Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560

Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandmark tlf. 996 26 157

Dagleg leiar: Håkon Rettedal Losvik tlf. 994 18 620

Time sokneråd: time.soknerad@timekyrkja.no

Bryne sokneråd: bryne.soknerad@kirken.no

Undheim sokneråd: undheim.soknerad@timekyrkja.no

Det forgjengelege – og det evige

TEKST: PROST LARS SIGURD TJELLE

FOTO: JOSTEIN AA. TOLLAKSEN



I slutten av mars og byrjinga av april, blømer kirsebærtrea, 'sakura', i Japan. Dei rosa blomane kjem fram på bar kvist, og i ein kort periode er store område i byane, i parkar og langs vegar, i alléar opp til templa og rundt skolar og langs elvar, komplett farga i eit kvitrosa teppe. Når dette skjer, kjem òg folka fram. Dei flokkar seg til parkane, sit under sakuratreia med familie, vene, kollegaer, skålar i 'sake' og har piknik. Dei kallar det 'hanami' – å sjå på blomane.

Kirsebærblomstringa er eit av dei mest ikoniske og vakre naturfenomena i Japan. Det heile varar i knappe to veker, og så er det over. Når blomsterblada



Framsidefoto: Påskemysteriet i Time kyrkje. Foto: Inger Birgitte Kverneland

Utgitt av: Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Reidun Jane Heskestad.

Margretha Johannessen og Elisabeth S. Obrestad.

Trykk: Kai Hansen AS. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 2801.49.74395. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen.time@kirken.no.

Frist for innlevering av stoff til neste nummer er 8. mai

fell av trea, vert det som eit snøfall, og dei kvitrosa blada samlar seg i fanner i gatene og parkane. Så vert dei liggjande, til det kraftige vårregnet skyl dei bort, og det er som om dei aldri var der. Eit trist syn, og samtidig noko som rører ved den japanske folkesjela.

Sakura blomstrar berre ein kort periode, og det minner folk om at livet er flyktig og forgjengeleg, at venleiken går over og at han må nyttast her og nå. Den japanske mentaliteten er stilt inn mot dette: å verdsetja, og samstundes kjenna på ei mild sorg over livets korte og forgåande venleik.

Det er mykje å ta med seg frå denne filosofien, og me finn det igjen i den moderne tanken om 'mindfulness' – å vera oppmerksame i augneblinken, å ikkje la planar og stress ta oss med bort frå der me er, men vera til stades i våre eigne liv. Det er noko me alle kan øva på, både japanarar og nordmenn; å vera til stades der me er.

Eg trur det er noko me øver på i kyrkjeåret si veksling. Den eine tida lovsyng me i glede – den neste tida brukar me til faste og bøn. Denne vekslings er sær

vikting i fastetida fram mot påske – at me gjev plass til alvoret i den tunge vegen opp til Jerusalem, til Jesu liding og død.

Bibelen talar òg om kor kort og flyktiglivet er. Mennesket er som støv, som graset på marka, som blomen som visnar. Vinden fer forbi, og staden han stod på veit ikkje meir av han. Så flyktig, så kort er menneskelivet, som ein kirsebærblom som gløder i kvitrosa skjær, og så fell han til jorda og er borte og gløymt.

Dette står i sterkt kontrast til Gud, til det evige, til det som ikkje forgår. Jesus kom i frå det evige og gjekk inn i det forgjengelege. Då han vart fødd i Betlehemsnatta, starta Jesus sin veg mot døden. Det evige vart forgjengeleg. Dødens krefter såg ut som dei vann der på korset, og ein livlaus kropp vart lagt i ei grav.

Underet skjer den tredje dagen, då Jesus stod opp igjen frå forgjengelegdomen. Slik snudde han lagnaden til oss alle, og me er ikkje lenger berre ubetydelege blomeblad som vert skylte vekk med regnet, men me skal stå opp til ein evig vår.



Deg være ære!

«Deg være ære» er en salme satt til melodien «See, the Conqu'ring hero comes» fra Händels oratorium Judas Maccabaeus. Teksten er en oversettelse av salmen «À toi la gloire» skrevet av sveitseren Edmond Louis Budry i 1885.

Kort om salmen.

Hvordan kan Jesus være «Herre over dødens makt», så lenge mennesker dør? Like etter at Edmond Louis Budry var blitt enkemann, skrev han teksten til Deg være ære. Selv om han var i sorg over konas bortgang, fant han håp i troen på at Jesus hadde seiret over døden. Noen år senere brøt den første verdenskrigen ut. Millioner av mennesker ble drept. En stund etter at krigen endelig var over, ville en internasjonal kristen studentforening lage en salmebok på flere språk. Kanskje kunne det være et lite bidrag til forsoning mellom landene. Studentene spurte Edmond Louis Budry om han ville la «Dug være ære» bli oversatt til engelsk. Han svarte ja. Teksten endte opp med å stå på både fransk, engelsk og tysk i studentenes salmebok. Dette var språkene til flere av landene som hadde kjempet mot hverandre i krigen. Nå kunne de synge «Dug være ære» sammen, på hverandres språk.

I 1947, i kjølvannet av andre verdenskrig, skulle en internasjonal ungdomskonferanse holdes i Oslo. Til denne konferansen ble «Dug være ære» oversatt også til norsk. Det ble gjort av presten Arne Fjelberg, som hadde vært aktiv i motstandsbevegelsen i Norge under krigen.

Livet er krevende for alle mennesker på denne jord. Hver enkelt har sin spesielle unike historie.


Vi lever i spenningsfeltet mellom liv og død. Det er alltid noe som skjer, sorger og gleder, hånd i hånd og til ulike tider. Selv mistet jeg foreldrene mine alt for tidlig. Først far, som døde 63 år gammel, etter 6mnd med uhelbredelig kreft. Far ønsket å være mest mulig hjemme og sykdomsforløpet var vondt og krevende for oss rundt, men samtidig godt å være nær.

Året var 1977, far døde hjemme og åpen kiste ble for oss en naturlig del av sorgprosessen.

Mor døde i 1986, kun 61 år gammel. Et helt annet forløp, med hjertestans, som dessverre endte på verst tenkelig måte. Mor sovnet inn etter 3 uker på sykehus.

Ekstra vanskelig var det at jeg studerte i Bergen. Mine tanker var selvsagt hos mor, og jeg håpte på beskjed om bedring. To ulike forløp, men sorgen og savnet blir det samme. Takknemlighet for gode og dyrebare minner er god trøst å lene seg på.

Å miste sine kjære foreldre har selvsagt satt sitt preg på meg, og denne salmen har vært til stor trøst, særlig siste setning: «Evig skal døden være Kristus underlagt»



Tor Magnus Sivertsen

Deg være Ære!

T Edmond L. Budry 1885

O Arne Fjelberg 1947

M G.Fr. Händel 1746

Deg være ære, Herre over dødens makt!
Evig skal døden være Kristus underlagt.
Lyset fyller haven, se, en engel kom,
åpnet den stengte graven, Jesu grav er tom!
Dug være ære, Herre over dødens makt!
Evig skal døden være Kristus underlagt.

Se, Herren lever! Salig morgenstund!
Mørkets makter bever. Trygg er troens grunn.
Jubelropet runger: Frelseren er her!
Pris han, alle tunger, Kristus Herre er!

Frykt ikke mere! Evig er han med.
Troens øye ser det: Han gir liv og fred.
Kristi navn er ære, seier er hans vei,
evig skal han regjere, aldri frykter jeg.



Denne våren er ei tid for endring

TEKST: JOSTEIN AARBAKKE TOLLAKSEN

FOTO: PRIVAT

Barnehagen på Undheim

Barnehagen på Undheim har vore i Time kyrkjelege fellesråd sitt eige sidan oppstarten i 1987. Det heile starta i kjellaren i samfunnshuset, og i april 2009 flytta barnehagen inn i nytt bygg. Dei siste åra har barnehagen slite økonomisk grunna høge pensjonskostnader og därlege rammevilkår. Barnehagen har vore drive godt og rimeleg, men likevel gjekk det ikkje lenger. I haust retta fellesrådet ein formell førespurnad til Time kommune om å ta over barnehagen. Denne har no gått gjennom handsaming i utval for levekår, formannskapet og til slutt i kommunestyret 17. februar 2025, med samstemt tilråding om at kommunen skal ta over barnehagen. Sjølv om det er tungt for oss å gje slepp på ein barnehage med utvida formålsparagraf, er me glade for at kommunen no tek over og at det framleis blir drift i barnehagen på Undheim. Det har vore viktig for oss å sikre vidare drift på Undheim heilt frå starten av prosessen. Barnehagen på Undheim er i trygge hender også etter 1. april 2025.


Samstundes ønskjer vi å sende ein stor takk til alle dei eldsjelene som har vore med og gjort sitt til at barnehagen på Undheim har vore ein god stad å vere i alle desse åra.

Nytt IT-system for fellesrådet og sokna

Den siste månaden har kyrkjekontoret vore gjennom ei stor IT-omlegging. Fredag 21. februar flytta me alle datasistema våre over til Kirkepartner og kom dermed inn under den store "fellesparaplyen" som huser datasystem for store delar av Den norske kyrkja. Alle på kyrkjekontoret fekk dermed nye e-postadresser som sluttar på @kirken.no. Sjekk gjerne nettsidene våre for å finne mailadressa om du skal sende ein e-post til ein av oss i staben eller til kyrkjekontoret. Dersom du sender e-post til ei av dei gamle adressene våre, vil han framleis kome fram – i lang tid framover.

Nye investeringar

Du har nok ikkje hørt det, for kyrkjeklokkene i Time kling akkurat like fint som før, men dei har fått heilt nytt styringssystem og automatikk. Den gamle ringemaskinen var "sliten" og byrja å bli ustabil. No har me investert i ny ringemotor og nytt styringssystem, så no satsar me på at klokkene skal



klinge utover Time i mange år framover – stabilt og godt.

Me er inne i fastetida, og nærmar oss tida for påskevandringar, påskefeiring og etter kvart konfirmasjonar. Det er ei flott og spennande tid me går inn i.

Ikkje løfta ein finger

TEKST: IVAR JOHANNESEN

Når me skal seia at ein person ikkje har gjort noko, kan me bruka uttrykket «... har ikkje løfta ein finger». Me nyttar det altså negativt, for å fortelja om noko som skulle eller burde ha vore gjort, men som er u gjort. Ofte er det noko som skulle vore gjort for andre, men det kan også vera for ein sjølv. Eit døme: « Vegen er heilt elendig, men styresmakten har ikkje løfta ein finger for å gjera han betre.»

Uttrykket « ikkje løfta ein finger» finn me i Matteus kap. 23, v.4. Der kritiserer Jesus dei skriftlærde og farisearane for å binda tunge bører på folk, bører som ikkje er til å bera, utan at dei vil bera dei sjølv. Dei tunge børene er mange vanskelege reglar. I bokmålsomsetjingane av Bibelen frå 1978, 2011 og

2024 kjem uttrykket. «... men selv vil de ikke løfte en finger for å flytte dem». På nynorsk er det litt annleis: «... men sjølve vil dei ikkje røra dei med ein finger». Så det ser ut til at uttrykket «... ikkje løfta ein finger...» kjem frå Jesu ord om farisearane og det skriftlærde, i bokmålsomsetjing.

Me har eit anna uttrykk som kan nyttast litt på same måten, nemleg : «.. ikkje leggja to pinnar i kors..». Eit døme: «Han bur veldig därleg, men så legg han ikkje to pinnar i kors for å få det betre heller.» Tydinga er nokså lik, men uttrykket kjem ikkje frå Bibelen. Kanskje kjem det av ein tanke om at to pinnar (eller andre saker) som dannar eit kors, verkar magisk.

Oppstandelsesbollar

TEKST: REIDUN JANE HESKESTAD

Baka, smaka... og sjå at "grava er tom"
Lag ein vanleg bolledeig. Når deigen er ferdig heva, tar du deig til ein bolle og pakkar ein marshmallows inn i deigen. Prøv å få marshmallowen godt inn i bollen. Steik som vanleg.

Gled andre med ein spesiell bolle!



Kvardagsmøte med

Irene Time Grødem

TEKST OG FOTO: LIV HELENE HÅLAND

- 55 år
- rekneskapsførar
- bur på Oma
- 3 born i alderen 24 - 30 år

Helgedagen får møta Irene ein kald vårdag - på Fotland bedehus. Dette er ein heilt naturleg plass å møtast, for her har Irene vore mykje. Nå er ho frivillig reinhaldsarbeidar her, men heilt frå ho gjekk på søndagsskulen, gjennom ungdomstida og i vaksen alder har bedehuset vore ein trygg base i livet hennar. Særleg minnest ho med glede korleis dei som unge fekk så stor tillit: dei kunne få "styra på". Dei vaksne hadde tru på dei unge, stolte på dei, og det gjorde det godt for ungdommane å kjenna på. Dette skapte også gode vennskap mellom dei unge. Mellom anna vart ho med i ei bibelgruppe som har halde saman over 30 år!

Barndommen på gard var fin. Det var eit gildt nabolag på gardane på Oma, mange jenter på omlag same alder. Om vintrane laga far hennar demning og stemte opp myra. Då kunne dei gå på skeiser og leika "glohedla" og "kapperal" på isen. Å gå på ski og laga skirenn var også gildt. Om somrane bada dei i ånå, Håelva. Det gjekk på omgang mellom fedrane på gardane å kjøra borna til søndagsskulen, og dei var nok ikkje alltid innanfor trafikk-reglane om kor mange som kunne rommast i ein bil!

Irene seier ho er eit familiemenneske. Familien er viktig for henne, at dei nærmaste har det godt. Sjølv om arbeidsdagane er lange - og ekstra travle nå om våren både på garden og i rekneskapslaget, så prøver ho å vera på tilbodssida. Ho vil gjerne yta for at andre kan nyta, så frå baking og matlaging deler ho gjerne. Å ta med eit matfat går lett! Ho likar å bidra, å vera ein person som seier ja. Som odelsjente har ho vore van med gardsarbeid, men det er mannen som er bonden på garden i dag. Irene hjelper til i onner og med lemming. Kopplamma er hennar "departement".

Akkurat nå har Irene ikkje så mange faste oppdrag utanom gard og arbeidsstad, men ho har vore med



på jenteforening og barnearbeid i mange år. På fritida likar ho å strikka, gå tur, vera med i ei foreining - og fotografera. Dessutan kører ho ut - eller sykler rundt med - Helgedagen i Hognestadkrinsen, omlag 140 blad. Dei er to som deler på denne jobben.

Å koma heim er eit uttrykk Irene likar. Og det treng ikkje bokstaveleg vera å koma heim til Oma, men også om å kjenna seg heime andre stader. Ho fortel at på ein Oslo-tur droppa dei heilt utan plan innom Misjonssalen. Der hadde ho i barndommen vanka då ho gjekk på bibelskulen på Fjellhaug. Denne gongen hamna dei på julemesse der, og vart så varmt mottekne. Den geniale "vrien" på basaren der var at han var i fleire omganger, slik at dei som kom seint òg fekk vera med. Heile opplegget totalt var så varmt og inkluderande at det var som "å koma heim".

Våren er ei fin tid, synest Irene. Lemming på garden - og påske. Då likar ho å vera heime. Første påskedag i Time-kyrkja er høgtid! Ofte litt ekstra med song og musikk ein slik dag, og mange i kyrkja. Gildt å vera der då og oppleva påskebodskapen på nytt!

Påsketidsvandring

FOTO OG TEKST: ANNA BERGITTE SKÅRLAND

Vandring gjennom påskehistoria

Velkommen til å ta ein tur gjennom påskehistoria på Time gravplass! Gjennom 14 ulike plakatar får du vandra deg gjennom påska sine tekstar om håp i liv og død. Vandringa startar og sluttar ved bårehuset, parkering på baksida av Time kyrkje. Vandringa eignar seg best i si nummererte rekkefølgje. Kjem du gåande frå Lye, kan du nytta den nye snarvegen til gravplassen, ca. 200 meter vest for Vestly idrettsbarnehage.

Denne vandringa med påska sine håpstekstar oppstod i Italia i 1988 under namnet VIA LUCIS – LYSVEGEN. Sidan har ho spreidd seg utover i verda. Kunstnaren Magne V. Kristiansen har teikna bileta på vandringa vår.

God påske!



Invitasjon til to flotte pilegrimsturar



I sommar blir det arrangert ein pilegrimstur frå Stavanger til Røldal i juli og ein frå Egersund til Stavanger i august. Bli med på innhaldsrike vandringar, tidebøner og måltidsfellesskap!

Turane er i regi av Utstein Pilegrimsgard og Den norske kyrkja i Rogaland, og blir leia av erfarne pilegrimar. Turen til Røldal går til det årlege Pilegrimsstemnet der, mens turen til Stavanger blir avslutta med den store pilegrimsdagen 16. august i samband med 900-årsjubileet for kyrkja i Rogaland. Les meir om den på www.kirken.no/jubileum2025.

Frå Stavanger til Røldal 1. – 6. juli

Frå byen ved havet og øyane går turen inn fjordane, gjennom grøderike dalar og over høgfjellet til pilegrimsmålet. På reisa er følgjet innom seks kyrkjer før ein kjem fram til stavkyrkja i Røldal. Undervegs blir det korte samlingar – og tid til stillheit. Sokneprest i Sauda Espen Gya og sjømannsprest Anne Netland vil vera med som pilegrimsprestar. Reidunn Ferstad frå Trodla-Tysdal er òg med som leiar.

Røldal var, etter Nidaros, det mest kjende pilegrimsmålet i Norge i middelalderen. I hundrevis av år søkte pilegrimar frå fjern og nær det undergjerande krusifikset.

Bli med på ein innhaldsrik tur med buss, båt og vandringar. Det blir gudstenester, tidebøner, meditasjonar, samtaler og gode måltidsfellesskap.

Gå Kystpilegrimsleia over Jæren 12. - 16. august

Vandringa startar frå Egersund kirke tysdag morgen og endar opp i Stavanger laurdag ettermiddag, til pilegrimsmesse i Domkirken.

Langs pilegrimsleia over Jæren ligg fleire middelalderkyrkjer, Ogna kyrkje, Orre gamle kyrkje og Sola ruinkirke, i tillegg til 400 år gamle Egersund kirke, Varhaug gamle kyrkjegard og pilegrimsmålet Stavanger domkirke.

Me ferdast langs kysten og går på sand og stiar, gras, grus og litt asfalt, og passerer blant anna Friluftsfyret Kvassheim, Obrestad fyr, Hå gamle prestegard og Friluftshuset på Orre. I løpet av dagen har me tidebønner.

Om kvelden er det samling med blant anna oppsummering av dagen.

Vandringsleiarar er Ola Undheim og Greta Bore Haarr, pilegrimsprest er tidlegare sokneprest Andreas Haarr. Velkommen til vandring på denne fantastiske kyststrekninga!

Meir om turane og påmelding finn du på www.utsteinpilegrimsgard.no



Kva tenkjer du om påske?

Anna Haukland

For meg er påske en tid for kjærighet og familiebånd. Jeg pleier å tilbringe tid sammen med familien, inkludert tanter, onkler, Farmor og Farfar, på hytta. Påskequizene våre er alltid en morsom del av samlingen, der vi konkurrerer om å svare på alle de gode, rare og vanskelige spørsmålene som farfar stiller.



Arne Espenvik

Eg tenkjer at påske er ei fin og koseleg høgtid med fin musikk og flotte salmar i kyrkja. Eg har nok ikkje eit heilt vanleg syn på påsken med mykje fri og sånt, sidan eg ofte har vore på arbeid i kyrkja i påsken frå eg var 16 år. Og når eg begynte som lærling, arbeida eg òg på dei vanlege vekedagane i tillegg til dei rauda dagane.



Men noko eg har sett veldig pris med å arbeida i kyrkja i påsken er at det gjev meg tid og rom i ein travel kvardag til å verkeleg tenkje på det Jesus gjorde for oss i påsken. Flotte preiker og salmar peikar på det utruleg store mirakelet Jesu død og oppstandelse er.

Han er oppstanden! Halleluja!

I tillegg til den festlige delen får jeg reflektert over den dypere betydningen av påsken. Det er en tid for å være sammen med Gud, og det er så fint å tenke på all den kjærligheten han har for oss – tenk at han sendte sin egen sønn for å ta på seg våre synder! Det viser virkelig hvor mye vi er elsket!

Når jeg tenker på alt dette, fylles jeg med en glede som setter tonen for påsken. Det er en tid for å feire kjærighet, familiетid og takknemlighet.

MILJØ, MØTEPLASS OG MISJON



NMS Gjenbruk Bryne

Parken senter

Inngang ved hjørnet til Saronsbråtet
og Meierigata



FRETEx butikk Bryne

Parken senter

Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken
og Meierigata

Vi tar imot og sel:

Klede, møbler, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker,
pyntegenstandar, hagereiskapar og anna.

Vi tar også imot stumpar av stearinlys.

Telefon 400 37 151

Opningstider:

måndag-fredag 11.00-17.00, laurdag 11.00-15.00

Vi tar imot og sel:

Klede, tekstilar, lamper og "ting og tang".
Vi har sluttat med møbler.

Telefon 922 09 638

Opningstider:

måndag stengt, tysdag-laurdag 11.00-15.00

Opphavsboka

TEKST: HEIDI STRAND HARBOE

Påsken er kanskje tida då ein har litt betre tid enn elles til å setja seg ned med ei bok? I år har eg lyst til å anbefale ei litt annleis bok som nettopp har gitt meg ei stor lesaroppleving, og som passar svært godt under vignetten «Grøn kyrkje.»

Mange av oss hugsar dei eldgamle historiene om Adam og Eva, Noa, Babels tårn, Abraham, Isak, Jakob og Josef som spennande forteljingar frå søndagsskole og skuletimar. I etterkant har du kanskje tenkt at dette kan jo ikkje stemma, det som blir fortald der passar dårleg med naturvitenskap og historiekunnskap. Kanskje desse historiene djupast sett må lesast på ein heilt annan måte, som historiene om våre eigne liv, begrensningar og moglegeite?

Hans Johan Sagrusten har skrive ei spennande bok om desse første forteljingane som på ein veldig interessant måte klarer å setja dei inn i vår eiga tid og våre eigne livserfaringer. Han kallar boka «Fyrste Mosebok- Ein livsvisjon». I boka omtalar han Første Mosebok som Opphavsboka. Det namnet stemmer betre med det engelske Genesis, og gir boka ein meir frittståande karakter enn viss me bare tenkjer på ho som den første av fem Mosebøker. Sagrusten omtalar boka som urforteljingane som hadde ei langt liv som forteljingar rundt leirbåla om kveldane lenge før skrivekunsten oppstod, forteljingane som lærer oss kva det vil seiå vera eit menneske fødd til å leva eit menneskeliv.

Forteljingane i Opphavsboka handlar om det meste av det menneska framleis erfarer: Fødsel, død, det å finna sin plass i verda, sjalusi, overmot, menneskelege relasjonar, syskenforhold, sanning, løgn, naturkatastrofer, det å søkja ein Gud i kaoset, og ikkje minst det å leva i pakt med den naturen me er sette til å leva i og ta vare på. Då som nå erfarer menneska det å bli svikta av dei ein stolte på, det å måtta leggja ut på lange reiser i håp om å få ei betre framtid, det å måtta tilpassa seg nye kulturar og leva med saknet etter dei dei reiste i frå. Dei erfarer det å bli utfordra på tålmod og venting langt ut over det dei hadde tenkt var rimeleg, og at det dei trudde var trygge relasjonar plutseleg blir vanskelege.


Boka set lys på at desse gamle historiene rommar mykje kunnskap om levd liv, om det å søkja meining i livet, om det å snubla og gjera feil om det å ikkje kjenna eigne grenser. Sjølv om boka handlar om ei tid som på mange vis er veldig forskjellig frå vår tid,



viser ho oss noko veldig universelt om det å leva som kan gjera oss meir bevisste på vår eiga tid og vår eigen livssituasjon. Boka viser oss og kor langt me har strekt strikken når det gjeld å ha teke kontroll og makt over resten av skaperverket, og ho viser og korleis menneska heilt frå dei første tidene har stått overfor etiske val og utfordringar som liknar forbausende mykje på dei me sjølve står i. Boka reiser spørsmål som: Er det mogleg å koma fram til forsoning når alt synest øydelagd? Finst det vegar ut av botnlaus sorg og situasjonar som er så krevjande at ein ikkje ville hatt fantasi til å sjå dei koma? Forfattaren har i tillegg med utdrag frå nyare lyrikk og forfattarkunst som understrekjer mennesket sin situasjon i livet.

Hans Johan Sagrusten har tidlegare skrive boka «Om Johannes openberring. Ein samtidvisjon», som handlar om boka i den andre ytterkanten av bibelen. Denne boka har eg og lese med stor glede og interesse. Det viser seg at den første og siste boka i bibelen har mykje meir til felles enn det eg tidlegare har tenkt på.

Ryktet seier at forfattaren av desse bøkene kjem til Bryne kyrkje i haust, det trur eg kan bli ein veldig interessant kveld i kyrkja.



PÅSKE

- nytt liv, evig håp



Me kjenner alle på glede ved å ta inn kvistar til spiring når me kjem ut på nyåret. Det skapar forventning om vår og nytt liv. Vårteikn fortel at påskehøgtida òg nærmar seg.

TEKST: REIDUN JANE HESKESTAD
MED IDÉAR OG FOTO FRÅ BOKA "LAGE PÅSKE" AV KARI FILBERG.

Eg synest det er fint å konkretisera påskebodskapen, trur det kan vera viktig både for store og små. Me førebur oss når me pyntar. Påskepynt som me brukar utan å tenkja så mykje over er t.d. påskeliljer, egg, kyllingar og spirande kvistar med gásungar.

Andre symbol som kan hjelpe oss å konkretisera og gi ekstra innhald i påskebodskapen er:

- Kross - møtestad for jord og himmel
- Tom kross - Jesus har stått opp
- Tornekrona - Jesu liding
- Sirkel / krans - det evige liv
- Trekant - den treeinige Gud
- Stjerne - Guds ord som leiestjerne
- Lam - Jesus som det fullkomne offer
- Hane - Peter som sveik Jesus
- Sommarfugl - fødsel, død og oppstode
- Krone - Jesus som Konge
- Lys - Jesus som det sanne lys
- Prikkar - Maria sine tårer
- Egg - nytt liv
- Gásungar - nordisk versjon av palmegrein
- Spirande kvistar - nytt liv



Ein krans som symbol på evig liv

Mange lagar ein grøn krans som juledekorasjon. Ein grøn krans kan og pynta døra eller bordet til påske. Ein ring eller ein krans er symbol for æva - utan start og ende.

I Forkynnaren i GT står det at Gud skapte alt fagert i si tid. Ja, til og med æva har han lagt ned i hjarta vårt. Lengten etter det evige og håp om god framtid prøver me å fylla på mange måtar - t.d. ved å bruka tid, krefter og pengar på aktivitetar og opplevingar som me trur vil gi oss lykke, god helse og evig ungdom - eit perfekt liv.

Me gløymer at Jesus seier: "Og dette er det evigelivet, at dei kjenner deg, den einaste sanne Gud og han du sende, Jesus Kristus." (Joh. 17.3)

Lag ein påskekrans

Du kan bruka blåbærlyng. Brukar du lyng som ikkje har spirt, kan du leggja kransen i vatn så vil han spira.

Dette treng du:

- 2 mm tjukk ståltråd som er ca. 60-70 cm lang
- Tynn vikletråd eller tynn ståltråd
- Blåbærlyng

Slik gjer du:

Lag ein ring av ståltråden, lag små bukettar av blåbærlyng, fest desse til stålringen ved hjelp av vikletråden, fortsett til kransen er så fyldig du ønsker, lag eit oppheng.

Heng kransen på døra, veggen eller pynt bordet med han.

Kransen kan minna deg om det evige håpet.



Saman i stoltheit og glede

Gratulerer med 900-årsjubileet for kyrkja i Rogaland! Saman feirar vi kva rolle kyrkja har hatt for enkeltmenneske og samfunn opp gjennom århundre i vårt fylke. – Eg håper jubileet skaper stoltheit og glede, seier biskop Anne Lise Ådnøy.

TEKST OG FOTO: STAVANGER BISPEDØMME

– Jubileumsglede skal som all anna glede bli delt med flest mogeleg! I starten av dette jubileumsåret er eg fylt av glede og takk, fortel Ådnøy. – Ei festhelg er allereie gjennomført med stil i dei to prostia i Stavanger by. Ingen tvil om at kyrkjemedlemmer og innbyggjarar har fått med seg det som skjer. Det har vore overveldande stor oppslutning om dei ulike arrangementa.

Nå gler biskopen seg til å reise rundt i bispedømmet og feire jubileet saman med sokna. Gjennom året skal kvart prosti arrangere ei festhelg med ulike tilbod og møtepunkt som aktualiserer kyrkja i lokalsamfunnet, og Anne Lise Ådnøy blir med på alt saman.

– Eg ser særleg fram til jubileumsgudstenestene i desse festhelgene, og håper å treffe mange folk frå heile fylket!

– Alle treng å bli sett og invitert inn

«Saman» er overskrifta for kyrkja si jubileumsfeiring, og temaet går som ein rød tråd gjennom alle prosjekta i jubileet.

– Vi treng kvarandre som enkeltmenneske og som samfunn, og vi treng alle å bli møtt som medmenneske. Saman skal vi bygge fellesskap og identitet, seier prosjektleiar for kyrkjejubileet Inger Vagle.

Som ein del av Saman-satsinga blir sokna oppfordra til å invitere til gjestebod, der kyrkja inviterer til eit enkelt måltid i samarbeid med lokale aktørar som fotballklubben, frivilligheitsentralen, skolen, kulturskolen eller andre i nærmiljøet.

– Målet er å utvide kjennskapen vårt til lokalmiljøet og senke terskelen for å snakke med kjente og ukjente



i nabolaget. Alle treng vi å bli sett og invitert inn i fellesskap, og alle kan vi og vere med å invitera inn. Kanskje akkurat du har lyst å arrangere gjestebod? utfordrar prosjektleiaren.

Jubileumsbåten bind bispedømmet saman

Heilt frå Egersund sitt 400-årsjubileum i pinsen 2023, har kyrkja sin jubileumsbåt reist mellom sokna i bispedømmet. Færingen som blir brukt som stafettpinne er utlånt frå Engøyholmen kystkultursenter. Den har eit segl der kvart sokn kan sette merket sitt.

– Takk til alle sokn som har satt sine «segl» på seglet!

Nå begynner det å bli fullt, og vi kan sjå det vakre i at vi høyrer saman i kyrkja, seier biskopen.

– Mange gode assosiasjonar kan knytast til å vere i same båt. Også Andens vind blir konkret og synleg i båt-motivet. Takk til misjonærar, vikingar og vår første biskop, Reinald frå Winchester, som delte ordet om Jesus med området vårt. Aller mest takk til Gud for det levande Ordet som gir glede og håp kvar dag, avsluttar Anne Lise Ådnøy.

Vil du lese meir om jubileet og den 900 år lange historia? **Gå til www.kirken.no/jubileum2025**

FRED VERE MED DEG, DU MORGON

Stavanger Domkyrkjes
900-årsjubileumssalme i 2025

TEKST: DAG KASPERSEN

Fred vere med deg, du morgen som samlar oss alle til fest,
mens sola har stige på himlen og siglar så skyfri mot vest.
No grønkast dei verbitne øyar, no speglar seg himmel i hav.
Takk, strålende morgonmirakel for lys over vogge og grav.

Fred vere med deg, du uro som jagar oss kvar vi enn er,
for skuggane luskar mot kvelden om lukka er aldri så nær.
Vi smakar dei ramsalte tårer, og bind om dei verkjande sår.
Takk, nagande uro, for bøna som ber oss i dagar og år.

Fred vere med deg, du kyrkje, til avreise rigga og klar.
Du famnar oss alle så varsamt og sansar dei spørsmål vi har.
Kven står der og ventar på stranda og spør etter fangst frå vår fjord?
Takk, eldgamle kyrkje, for draumen om meir av Guds himmel på jord.

Fred vere med deg, du lovsong som elskar di syngjande brur,
sjølv gråmåsen blandar si stemme med andre som tvilar og trur.
No syng vi med undring mot himlen og lyfter vår salme mot sky.
Takk, evige lovsong, for jorda, for sommaren, evig og ny!

Copyright – Musikk Norsk Musikksforlag / Vigmostad & Bjørke AS.
Trykt med tillatelse.



**STAVANGER
2025**



Velkommen til Sjernarøy!

Nils Trygve Hauge
tlf: 906 79 901 – mail: nthauge@gmail.com
toastmaster.no og visitsjernaroy.no



Tur til sjernarøy med Torsdagstreff 22. mai. Påmelding via www.brynekyrkja.no

Vi har laget en tur for å vise noe av det beste vi har av natur og kultur på Sjernarøy.

Guiden møter dere i bussen på kaien på Helgøy og er med dere på hele turen. Vi starter med en guidet tur over Helgøy, Nord-Talgje, Tjul og fram til den vakre renessansekirken på Kyrkjøy. Her får dere en kulturkonsert med både historien om kirken, litt om Sjernarøy og noen herlige musikkinnslag.

Så er det tid for mat, og vi kjører til Sjernarøytunet. Der får dere skikkelig middag etter ønske, for eksempel sosekjøtt og hjemmelaget karamellpudding med kaffe. Eller hva med fiskesuppe, hjemmebakt brød og dessert av sesongens frukt og bær? Maten er en viktig del av turen, og vi er opptatt av at måltidet skal holde høy kvalitet.



Etter maten blir det lett underholdning.

Guiden finner fram toraderen, og det blir kanskje litt allsang eller en svingom før vi igjen setter oss i bussen? Så går turen videre gjennom Alfred Hauges rike rundt Lundarvågen og en videre sightseeing før vi finner ferja på Helgøy.

Det er viktig for oss å holde høy kvalitet i alle deler av turen, derfor har vi samlet et lag med svært bred kompetanse:



Guide Nils Trygve Hauge: Musiker og kulturformidler.
Tildelt Finnøy kommunes kulturpris 2008 og nominert til Stavanger kommunes kulturpris 2020.



Artist Mari Hauge: Musiker og låtskriver.
Hun ble tildelt Stavanger kommunes kulturstipend 2023 og har gitt ut flere kritikerroste plater. Mari er barnebarn av Alfred Hauge. Hun vil presentere sanger som er basert på Alfred Hauges liv og dikting, og har en sterk tilknytning til Sjernarøy.



Joakim Moberg Wiborg: Kokk
Han har blant annet jobbet med Arne Brimi og Bølgen & Moi, og han driver det svært populære restaurantkonseptet Bygdakokken.

Velkommen skal dere være!

STILLING LEDIG

Ein av våre gode kyrkjetenarar skal flytta og har sagt opp stillinga si som kyrkjetenar ved gudstenester og vigsler ca. 2. kvar helg, og me treng difor ein ny person i denne stillinga.

Dei fleste tenestene er knytt til Bryne kyrkje, men det er og nokre tenester i Time kyrkje.

Stillinga er på 7 % og vert løna etter gjeldande tariff.
Me har to faste kyrkjetenarar på helg i Bryne og ein i Time
noko som gjer det mogleg å byta arbeidshelger av og til.

Arbeidet består stort sett i å klargjera kyrkja før arrangementa,
styrta lyd og biletet under arrangement og rydda i etterkant.

Stillinga passar like godt for skuleungdommar/ studentar/
pensionistar eller andre som har lyst.

Er dette noko for deg set me pris på ein enkel søknad til:
post.time@kirken.no



Helgedagen – ditt mest lokale tidsskrift

Etterlysing

**Helgedagen treng annonsørar for framleis
å kunne dele ut bladet gratis til folk i Time**

- Har du eit firma?
- Kjenner du nokon som har eit firma om kunne ha
nytte og glede av å ha annonse i Helgedagen?

Kvifor

Med opplag på over 6000, når me i overkant av 90 prosent av husstandane i Time kommune

Me har to typar avtalar.

- Årleg avtale - må fornyast kvart år.
- Løpende avtale - går kontinuerleg,
men kan seiast opp før kvart årsskifte.

Ta kontakt med kyrkjeverje Jostein Tollaksen
tlf 909 88 880 eller post@timekyrkja.no

På førehand takk



KONFIRMAN[†]

Bryne kyrkje**laurdag 26. april kl 10.30**

Andreas Bergmann
Cassandra Engelsvoll
Charlotte Vigre
Dennis Kvia Buhrmann
Emil Paulsen
Erlend Eide
Eskil Haugstad
Lars André Wiig
Lars Ulrik Vedvik
Lea Lerstøl Cais
Lukas Fiskebekk
Magnus Cornelius Jansson
Malin Evita Øren Nes
Mathea Haarr
Nora Horpestad
Nore Fuglestad Friestad
Sondre Vigre
Tilla Undheim Seitzberg
Tiril Undheim Johannessen
Torjus Johansen
Viljar Lerbrekk

Bryne kyrkje**laurdag 26. april kl 12.30**

Abigael Skrudland-Tjåland
Eileen Wiig Siveland
Eivind Grødeland
Emma Aure Alsvik
Emma Nilsen Oppedal
Filip Bergevik Berg
Gabriel Helgeland
Ida Marie Steffensen
Johan Sie Nielsen
Live Hausberg
Marcus Pallesen-Nygård
Markus Hammervold Olsen
Markus Vold
Matilde Øvrebø Byberg
Mina Undheim
Nora Heigre Gjerdevik
Oda Kristensen
Oline Erland Reime
Tom-Andre Klepp
Torje Ree Straumland
Vegard BjørnSEN
Øystein Austnaberg Høyekvam

Bryne kyrkje**søndag 27. april kl 11.00**

Cedric Touchais Waldeland
Eirik Orstad
Elias Salte
Emma Vaaland-Vik
Evenia Kristensen
Frida Stueland Mikkelsen
Lisa Wiig
Marcus Wiig Bangsmoen
Maria Haukland
Markus Lode Helland
Mathias Patrik Orlowski
Mille Wiig Bangsmoen
Rebecca Ueland
Regine Kleppe
Sina Forsberg
Sina Stangeland Horpestad
Sindre Kalberg Heskestad
Troy Severson Tjessem
Viktor Strand



Bryne kyrkje**laurdag 10. mai kl 11.00**

Anna Sie
 Ashleen Sophia Keenan
 Diedrik Schoenmaker Henriksen
 Ella Haldorsen
 Jakob Hem Markseth
 Jonas Nordås Steinsland
 Liam Engedal
 Magnus Ciekals Njærheim
 Marcos Marwan Sabah Johanna
 Marcus Bjerga Monsen
 Mira Hjørnevik Johannessen
 Ola Haugsland
 Olav Oma Rugland
 Ole-Magnus Torkildsen
 Oliver Reiestad
 Olivia Rosseland Tjensvoll
 Olve Tunheim Øgaard
 Stig Hodne Tveit
 Tilla Klovning Hansen
 Victor Line Ponce

Bryne kyrkje**laurdag 10. mai kl 13.00**

Are Undheim
 Aron Svalestad Amdal
 Benedikte Giske
 Elen Holtet
 Elina Espeland Bryne
 Ella Hareland
 Georg Pollestad
 Heidi Elise Håland
 Henrik Pedersen Schmidt
 Iva Gudmestad Hognestad
 Jonathan Ree Saltrø
 Mali Østebrød Sjøgren

Mari Hansen Høiland
 Per Bryne Larsen
 Ragnar Bryne Larsen
 Rasmus Reime
 Roar Haavardsholm
 Seline Andrine Stensland
 Stella Tjemsland
 Trym Førland Risa
 Vetle Borsheim Lothe
 Victor Eriksen Haugstad

Time kyrkje**søndag 4. mai kl 10.30**

Ena Laland Martin
 Einar Bothildson Bjørknes
 Herborg Håland
 Håkon Berge
 Cornelius Hauge
 Kristoffer Yri
 Lineah Høyland
 Markus Tjensvoll-Vatland
 Melina Kalsås
 Nikolay Dyngeland
 Tobias Aarre Gramstad

Time kyrkje**søndag 4. mai kl 12.30**

Eilef Kristoffer Haugland
 Ivar Johannes Lomeland
 Jenny Harbakk
 Lucas Garborg Lee
 Milian Breivik Holen
 Niklas Liland
 Noah Kamov
 Roald Aleksander Haugland
 Robin Kvalvik Taksdal
 Sigurd Sivertsen Lothe

Undheim kyrkje**søndag 11. mai kl 10.30**

Floortje Gerritsen
 Frederik Schlüss
 Håkon Undheim
 Ingvald Risa
 Jan Risa Taksdal
 Magnus Undheim
 Marie Risa
 Mats Wefring Undheim
 Ola Tunheim Mauland
 Olav Reiten Mellemstrand
 Rebekka Bjørkmo
 Ruth Oline Fosse
 Sven Tjåland
 Tora Eikeland



Trafikalt grunnkurs Bryne Bil & MC Skole

Erlandsbakken 4, 4349 Bryne, tlf. 51 48 25 10

**• Barnekoret
i Brynekyrkja**

Frå 4 år- 4 klasse

Torsdagar i
partalsveker
Kl. 17.30

Etter øvinga er det
kveldsmat til alle i
kjellaren



TT-koret

- Koret for tweens og teens
5. klasse og oppover

Torsdagar i
partalsveker
Kl. 19-20
i Bryne kyrkje



**Vil du gi en gave
til Normisjon?**

Kontonr: 1503.02.13537

Husk å øremerke gaven hvis
du vil den skal gå til noe
spesielt.

www.normisjon.no



NOREA MEDIEMISJON



BLIFADDER!

www.blifadder.no

22 94 26 00

misjonsalliansen 

Dyrk sjølv!

Å dyrka eigne grønsaker er både gildt og nyttig. Kva er viktig for å lukkast? Anne Grete og Oddmund Hognestad har lang erfaring med kjøkkenhage.



Torsdag 15. mai kl 17-19 er du velkommen til å vitja hagen deira i Ramshaugvegen 30.

Der kan du få sjå og læra meir om dyrking av grønsaker.



GRØN DAG I KYRKJEPARKEN VED UNDHEIM KYRKJE

**LAURDAG 3. MAI
KL. 11- 13.00**



Dagane er blitt lengre, lysare og varmare. Frø som er lagt i jorda, spirer. Småplanter veks og utviklar seg, og etter kvart er mange klare til utplanting i bed, plantekassar, krukker og drivhus. Mange planter som er til sals i Kyrkjeparken kan brukast i eige kosthald. Andre til pynt i hagen eller i stova.

Det vert òg sal av bakverk og handarbeid, blomsterkassar, krukkebrett m.m. I tillegg kan du nyta grønsakssupper, kaffi og kaker. Og sist, men ikkje minst – møta folk og drøsa.

- Musikk v/TOKT
- Songgruppa Shalom
- Loddsal med trekning kl 12.30

Velkommen til NMS i Time sin grøne dag på Undheim!
Facebook: Grøn dag på Undheim

TEKST & FOTO: ROLF HESKESTAD

TUSENFRYD

Av ein eller annan grunn er tusenfryd ein blom dei fleste kjenner. På latin heiter han Bellis perennis. Bellis tyder vakker - og vakker er denne vesle blomen som dukkar opp av graset straks vårsola får tak. Her vest i landet kan ein finna store teppe av tusenfryd - til fryd og glede for oss alle. Er vinteren mild, kan ein stundom finna blømende tusenfryd midt på vinteren. Ein skikkeleg hardhaus!

Botanikarane er litt usikre på kor lenge denne blomen har vore viltveksande her i landet. Heilt sikkert er det at han trivst godt i vårt vestlandsklima. Tusenfryd hører til i korgblomfamilien - same familie som t.d. løvetann og prestekrage.



Hjernetrim

HelgeKryssord 2/25


LAGA AV: GABRIEL TENGSAREID

Vassrett

- Jesu ord til røvaren på krossen
- Urørte
- Stoff i mjølk
- Dyreunge
- Brenna
- Gruppe på tre
- Å gå forbi
- Ordflaumen
- Belegg
- Fjellkløft
- Himmelfarge
- Damp
- Æ
- Ynka seg
- Pronomen
- Farge
- Takstein
- Trøysta
- Ujamne
- På den staden
- Pronomen
- Festemiddel
- Før kl 12:00
- Treslag
- Jødiske
- List
- Dunsta
- Sette frå seg
- Ø
- Departement

Loddrett

- Fotodelings-tjeneste
- Pronomen
- Oblatane
- Bonde
- Mannsnamn
- Passord
- Sjukdom
- Slå slik at det klaskar
- Fisken
- Hamneby
- Bind fast
- Stad ved R44
- Klokskap
- Grove
- Pust
- Ikkje låst
- Eineståande person
- Fisk
- Helsa
- Kvinnenamn
- Mannsnamn
- Åt på noko hardt
- Dataprogram
- Jordalkalimettall (kj.teikn)
- Gi seg til
- Ikkje
- Bilorganisasjon



Løysing til HelgeKryssord 1/25


D	I	T	T	→	O	R	D	→	E	R	→	E	I	→	L	Y	K	T	↓
G	N	E	I	S	T	R	E	B	B	S	A	K	K	E	U	S	M	A	F
I	K	O	R	N	E	T	→	E	R	→	S	A	L	T	E	↑	A	O	
T	L	F	A	O	R	T	A	T	O	D	A	B	E	I	S	A	P	U	R
S	U	I	D	R	E	T	T	A	R	E	L	A	D	A	T	T	Ā	T	↓
↑	D	R	A	G	N	I	N	G	A	M	B	A	D	R	O	↑	O	M	
N	E	D	N	L	A	M	O	R	S	P	Æ	L	S	A	U	A	N	G	I
I	R	A	N	E	R	E	V	Ā	A	A	R	T	T	ON	A	R	R	N	
M	E	D	→	R	E	S	P	E	K	T	→	Ā	→	M	E	L	D	A	
↑	R	O	F	←	S	Y	L	←	T	I	E	←	G	O	←	T	O	F	



Barnas



Labyrint
Hjelp Maria å finne vegen til grava.



FARGELEGG biletet av Jesus som viser seg for Maria etter at han døydde og stod opp att.



Teikning: Chiara Bertelli

Hemmeleg melding til agentar

Bruk agentalfabetet for å tolke meldinga.

לְכָה תַּקְרִב וְאֶתְּנֵן

סְכִינָה מִלְּפָנָים

Vitsar:

- Du luktar så godt i dag. Kva har du teke på deg?
- Reine sokkar.

Det mystiske agentalfabetet:

א	ב	ג	ד	ה	ו	ז	ח	ט	י	ע	ל	מ	נ	ס
פ	q	r	s	t	u	v	w	x	y	z	א	כ	ך	ך



Har du hørt om han som sov så tungt at senga knekte?



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Dese oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Sondagsskolen – mer enn du tror

Dáp

Velkommen til dåp!

I dåpen blir me møtt av Guds kjærleik. Den er eit verkekraftig teikn som gir oss del i Guds frelse, og ei gåve som det berre er å ta imot, uansett når i livet me vert døypte. Barn, unge og vaksne er like velkomne til dåp. Du kan låne dåpskjole gratis hos oss. Sjå meir informasjon om dåp på time-kyrkja.no.

DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjene i Time, Bryne og Undheim

Velkommen til Sorgstøttegrupper

Kyrkja sitt tilbod til etterlatne.
Gruppene er livssynsopne.



Grupper for vaksne


Det finst tilbod om å delta i støttegrupper etter at ein har mista ein av sine nærmeste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med Diakon i Bryne: marit@timekyrkja.no
Diakon i Time og Undheim: praxedes.slettebo@timekyrkja.no
eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 77



Barnegruppe

Det finst òg gruppe for born mellom 4. – 7. klasse. Desse gruppene er spesielt tilrettelagde for born. For meir informasjon om desse gruppene, ta kontakt med diakon i Bryne på tlf. 911 63 039 eller marit@timekyrkja.no





DØYPTE

BRYNE KIRKJE


09.02.25 Maja Reve
Maxime Mauland Mjølhus

TIME KIRKJE

25.01.25 Hanna Thu Helland
Oskar Teie Røthe
Ole Teie Røthe
Bastian Borsheim

UNDHEIM KIRKJE


02.02.25 Sverre Flatebø
16.02.25 Mateo Haugvaldstad
Marius Askø Arrestad
Karina Taksdal
Hennie Byrknes Haver



VIGDE

TIME KIRKJE

14.02.24 Sunniva Braut Barane og
Preben Sletten
Randi Hadland og Trond Egil
Aasen Bøe
Kirsti Marie Skårlund Hegre
og Jonas Nordhus Rindarøy



GRAVLAGDE

Januar

Audun Magne Haugland
Mary Hommeland
Aud Høyland
Aslaug Undheim
Hallgeir Herikstad
Ole Marius Löchen
Egil Bjarne Bjerkevoll
Torkel Gausland
Ingve Løge

Februar

Ingrid Helleve
Svanaug Eide
Marit Særheim Faugstad
Sonja Lie



3. GENERASJON BEDEMANN

Aase
Begravelsesbyrå

Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102

24 TIMERS VAKTTELEFON

NOVA
BEGRAVELSESBYRÅ

51 61 04 00 - døgnvakt
www.novabegravelse.no


Møyfrid
Hersdal og
Hanne Brit
Sandmark

<p>EiendomsMegler 1 JÆRMEGLEREN</p> <p>Gro Anita Nøkland m: 900 14 328 Kyrre Otto m: 954 85 419 Kristine Ree Espedal m: 480 64 634</p>	 <p>Jaeren Gulv AS Maler- og gulvbarbeid www.jaerengulv.com</p>	<p>REMA 1000 Håland</p>
 <p>EL-TEAM Elektroentrepreneur</p> <p>Morenefaret 5, Bryne • Tlf. 51 48 67 40 E-post: firmapost@el-team.net www.el-team.net</p>	<p>VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS</p>  <p>ek Glassmesterforretning Einar Knutsen as Postboks 149, 4340 Bryne</p> <p>TLF. 51 48 02 11 DØGNNSERVICE 971 78 180</p>	 <p>Byggelaget</p>
 <p>TIME ELEKTRO AS når resultatet er viktig</p>	 <p>DEN NORSKE KYRKJA</p>	 <p>Bogh Hafoe BILSALG - SERVICE - EU KONTROLL - SKADE - RUTESKIFT</p>
 <p>Rogalandshus</p>	 <p>Renovasjons- service as Magnus Grødem • tlf. 51 48 20 44</p>	 <p>haver_</p> <p>Haver Advokatfirma AS Hetlandsgr. 9, 4340 Bryne telefon 51 77 00 50</p>
 <p>PRIVATMEGLEREN Torggata 2, 4340 Bryne Tlf. 51 48 86 00 • jæren@privatmegleren.no</p>	 <p>SpareBank 1 SR-BANK</p>	
 <p>Bonde Kompaniet Butikk i Jupitervegen 4, 4340 Bryne. Tlf. 480 10 878</p>	 <p>Alt innen datahjelp -hjem på døren til private & bedrift Tlf 51485000 www.datahjelpen.it</p>	 <p>WACO Forsikringsmegling as</p>
 <p>OPTIKK&SYN Jubileum 2014-2024</p> <p>Storgata 40 Bryne - Tel: 5148 80 04</p>	 <p>jaeren sparebank</p>	 <p>DEN NORSKE KYRKJA</p> <p>Di annonse her?</p>

GUDSTENESTE



Velkomen til
gudsteneste



Skyss til gudstenesta
Bryne kyrkje:
Jonas Frøyland
mob.nr. 41300468
Ring før kl 10.00

Søndag 13. april **Palmesøndag** **Joh 12,1-13**

Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste	Dåp
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste	Dåp
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp
Bryne kyrkjesal	19:00	Sundagstreff med gudsteneste Tilrettelagt for ulike funksjonsnivå	

Torsdag 17. april **Skjærtorsdag** **Joh 13,1-17**

Bryne kyrkje	19:00	Gudsteneste	Felles for sokna i Time. Nattverd
--------------	-------	-------------	-----------------------------------

Fredag 18. april **Langfredag** **Luk 22,39-23,46**

Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste
--------------	-------	-------------

Søndag 20. april **1. påskedag** **Joh 20,1-10**

Undheim kyrkje	10:30	Høgtidsgudsteneste	Dåp
Time kyrkje	11:00	Høgtidsgudsteneste	Nattverd
Bryne kyrkje	11:00	Høgtidsgudsteneste	Nattverd

Laurdag 26. april **Laurdag etter påskedag** **Joh 20,1-10**

Bryne kyrkje	10:30	Konfirmasjonsgudsteneste
Bryne kyrkje	12:30	Konfirmasjonsgudsteneste

Søndag 27. april **2. søndag i påsketida** **Joh 20,24-31**

Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste	Nattverd
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste	Dåp
Bryne kyrkje	11:00	Konfirmasjonsgudsteneste	

Laurdag 3. mai **Laurdag etter 2. søndag i påsketida** **Joh 20,24-31**

Time kyrkje	12:30	Dåpsgudsteneste	Dåp
-------------	-------	-----------------	-----

Søndag 4. mai **3. søndag i påsketida** **Mark 6,30-44**

Time kyrkje	10:30	Konfirmasjonsgudsteneste	
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp, nattverd
Time kyrkje	12:30	Konfirmasjonsgudsteneste	

Laurdag 10. mai **Laurdag etter 3. søndag i påsketida** **Mark 6,30-44**

Bryne kyrkje	11:00	Konfirmasjonsgudsteneste	
Bryne kyrkje	13:00	Konfirmasjonsgudsteneste	

Søndag 11. mai **4. søndag i påsketida** **Joh 14,1-11**

Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste	
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste	Dåp
Bryne kyrkje	11:00	Familiefokus	

Velkommen til kyrkje

Følg med på www.timekyrkja.no eller i Jærbladet for oppdatert informasjon.



Velkommen til
gudsteneste



Skyss til gudstenesta
Bryne kyrkje:
Jonas Frøyland
mob.nr. 41300468
Ring før kl 10.00

Nasjonaldag		17. mai	Luk 17,11-19
Bryne kyrkje	08:30	Gudsteneste	
Lye forsamlingshus	09:45	Gudsteneste	Dåp
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste	
Time kyrkje	11:00	Nasjonaldagsgudsteneste	
Søndag 18. mai		5. søndag i påsketida	Joh 17,6-11
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp
Søndag 25. mai		6. søndag i påsketida	Matt 6,7-13
Lye forsamlingshus	11:00	Gudsteneste	Dåp
Bryne kyrkje	11:00	Fellesgudsteneste på jærdagsscenen	
Torsdag 29. mai		Kristi himmelfartsdag	Joh 17,1-5
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattverd
Søndag 1. juni		Søndag før pinse	Joh 16,12-15
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste	
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp, Nattverd
Søndag 8. juni		1. pinsedag	Joh 14,23-29
Time kyrkje	11:00	Høgtidsgudsteneste	Dåp
Bryne kyrkje	11:00	Høgtidsgudsteneste	Nattverd

